




SAMFERDSELSDEPARTEMENTET

# Anbodsinnbyding

Ruteflyging Røros–Oslo v.v. frå 1. desember 2012





SAMFERDSELSDEPARTEMENTET

# Anbodsinnbyding

Ruteflyging Røros–Oslo v.v. frå 1. desember 2012



<b>I KONKURRANSEGRUNNLAG.....</b>	<b>5</b>
1. OPPDRAGET .....	5
2. ALMINNELEGE REGLAR FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN .....	7
3. KRAV TIL ANBYDARANE OG TILHØYRANDE DOKUMENTASJONSKRAV .....	8
4. FORHOLD ANBYDARANE PLIKTAR Å GJERE SEG KJENDE MED.....	11
5. KRAV TIL ANBODET.....	12
6. ANBODSBEHANDLING I SAMFERDELSDEPARTEMENTET .....	15
7. AVGJERING AV KONKURRANSEN .....	17
<b>II FORPLIKTINGAR TIL OFFENTLEG TENESTEYTING .....</b>	<b>18</b>
1. INNLEIING .....	18
2. FØLGJANDE FORPLIKTINGAR GJELD FOR DEI INDIVIDUELLE RUTENE: .....	18
2.1. RØROS—OSLO V.V. ....	18
3. FØLGJANDE FORPLIKTINGAR GJELD FOR ALLE RUTEOMRÅDA.....	19
4. TILLEGGSKRAV VED GJENNOMFØRING AV ANBOD .....	19
5. ERSTATNING OG OPPHEVING AV TIDLEGARE FORPLIKTINGAR TIL OFFENTLEG TENESTEYTING .....	20
6. INFORMASJON .....	20
VEDLEGG A – PRODUKSJONJUSTERINGSKLAUSULEN .....	21
VEDLEGG B – FØRESEGNER OM SOSIALE RABATTAR .....	23
<b>III KONTRAKTVILKÅR .....</b>	<b>24</b>
1. DOKUMENT SOM INNGÅR I KONTRAKTEN.....	24
2. KONTRAKTEN GJELD FØLGJANDE RUTE:.....	24
3. KONTRAKTPERIODE .....	24
4. EINERETT TIL Å TRAFIKKERE .....	24
5. KRAV TIL DRIFTA .....	24
6. RUTEPROGRAM.....	26
7. TAKSTAR, RABATTAR, SALSKANALAR OG VILKÅR.....	26
8. BETALING AV KOMPENSASJON, RISIKODELING O.A. ....	27
9. INNSYNSRETT FOR SAMFERDELSDEPARTEMENTET, RAPPORTERINGSPLIKT FOR OPERATØREN.....	28
10. REFORHANDLING .....	30
11. SUSPENSJON AV KONTRAKTPLIKTER .....	30
12. OPPSEIING, HEVING OG ANDRE OPPHØYRSGRUNNAR .....	31
13. TVISTEMÅL .....	31
14. UTFERDING .....	32
15. UNDERTEIKNING AV KONTRAKTEN .....	32
<b>VEDLEGG 1 .....</b>	<b>33</b>
ANBODSSKJEMA .....	33
<b>VEDLEGG 2 .....</b>	<b>35</b>
ANBODSBUDSJETT .....	35
<b>VEDLEGG 3 .....</b>	<b>41</b>
RETTLEIANDE TRAFIKKOPPLYSNINGAR .....	41
<b>VEDLEGG 4 .....</b>	<b>43</b>
FORSKRIFT AV 12. AUGUST 2011 NR. 833 OM LUFTRANSPORTTJENESTER I EØS.....	43
<b>VEDLEGG 5 .....</b>	<b>52</b>
FORORDNING NR. 1008/2008 .....	52
<b>VEDLEGG 6 .....</b>	<b>73</b>
PROSEDYRER I FORBINDELSE MED RUTEPROGRAM FOR FLYRUTER UNDERLAGT FORPLIKTELSE TIL OFFENTLIG TJENESTEYTELSE .....	73



# I KONKURRANSEGRUNNLAG

## 1. Oppdraget

### 1.1 Oppdragsgivar

Samferdselsdepartementet inviterer til open anbuds konkurranse om ruteflygingar mellom Røros og Oslo i perioden frå 1. desember 2012 til 31. mars 2016.

### 1.2 Bakgrunn og formål

Samferdselsdepartementet har med verknad frå 1. desember 2012 vedteke å endre tidlegare kunngjorde forpliktingar til offentleg tenesteyting på ruteflygingar mellom Røros og Oslo.

Kunngjeringa av anbuds konkurransen skjer etter reglane i europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1008/2008 av 24. september 2008 *om felles regler for drift av lufttrafikk i Fellesskapet*, jf. vedlegg 5 og forskrift av 12. august 2011 nr. 833 *om lufttransporttjenester i EØS*, jf. Vedlegg 4.

Dei nye forpliktingane blei kunngjorde 14. juni 2012 i *Den europeiske unions tidende* nr. 2012/C 168 og i *EØS-tillegget* nr. 31/2012, og utgjer del II av dette dokumentet.

Har ikkje noko luftfartsselskap starta, eller dokumentert overfor Samferdselsdepartementet at det frå 1. desember 2012 vil starte vedvarande ruteflygingar i samsvar med dei pålagde forpliktingane til offentleg tenesteyting for ruteområdet som er spesifisert i del II, vil Samferdselsdepartementet tildele einerettar til å trafikkere dei aktuelle ruteområda.

Formålet med denne innbydinga er å innhente tilbod som kan brukast som grunnlag for tildeling av slik einerett.

### 1.3 Rutene som er omfatta og kontraktperioden

Innbydinga gjeld anbod på ruteflygingar i Noreg frå 1. desember 2012 til 31. mars 2016. Strekninga som er omfatta av anbod er::

Røros–Oslo v.v.

### 1.4 Forskrift og kontraktføresegner

Avtalane som Samferdselsdepartementet inngår med tilbydarane, skal regulerast av kontraktvilkåra som utgjer del III av dette dokumentet. Før anbod blir levert, er det forventa at tilbydaren har gjort seg kjend med dei fullstendige kontraktvilkåra, ikkje berre dei delane av kontraktvilkåra som er refererte i dette konkurransegrunnlaget.

For avtalene gjeld forskrift om lufttransporttjenester i EØS jf. vedlegg 4.

## 1.5 Kunngjering

Anbodsinnbydinga er kunngjord i *Den europeiske unions tidende* og i *EØS-tillegget*.

## 1.6 Samferdselsdepartementet – adresse og kontaktpersonar

Departementet har denne adressa:

Samferdselsdepartementet  
Postboks 8010 Dep  
0030 OSLO  
Norge

Kontoradresse: Akersgt. 59, Oslo

Kontaktpersonar i Samferdselsdepartementet er:

Rådgjevar Jens Veberg, tlf. 22 24 82 64, e-post: [jens.veberg@sd.dep.no](mailto:jens.veberg@sd.dep.no)

Rådgjevar Andreas Neumann, tlf. 22 24 83 21, e-post: [andreas.neumann@sd.dep.no](mailto:andreas.neumann@sd.dep.no)

Seniorrådgjevar Thomas Tørmo, tlf. 22 24 83 12, e-post: [thomas.tormo@sd.dep.no](mailto:thomas.tormo@sd.dep.no)

## 1.7 Registrering av anbydarar

Dei som vurderer å levere anbod, må registrere seg hos Samferdselsdepartementet for å vere sikra eventuell tilleggsinformasjon frå departementet og for å få tilsendt datafil med mal for anbudsbudsjett, jf. vedlegg 2. Tilleggsinformasjon blir ikkje publisert på Internett eller på annan måte med mindre det motsette er uttrykkeleg sagt nedanfor.

## 1.8 Tilleggsopplysningar

Dersom anbydaren finn at konkurransegrunnlaget ikkje gir tilstrekkeleg rettleiing, bør han be Samferdselsdepartementet om tilleggsopplysningar ved å vende seg til adressa som er nemnd i punkt 1.6.

Er det bedt om tilleggsinformasjon i tilknytning til konkurransegrunnlaget i tilstrekkeleg tid før anbudsfristen går ut (punkt 5.2), skal Samferdselsdepartementet sende svar til alle anbydarar som har registrert seg hos Samferdselsdepartementet, jf. punkt 1.7, og seinast seks dagar før anbudsfristen går ut.

Ber ein om tilleggsopplysningar skriftleg, skal skrivet merkjast ”Tilleggsopplysningar anbod”.

## 1.9 Rettingar, suppleringar eller endringar i konkurransegrunnlaget

Fram til anbudsfristen går ut, har Samferdselsdepartementet rett til å gjere endringar i krava til offentleg tenesteyting som følgje av endra vilkår for godkjenning av lufthamner eller vedtak om nedlegging av lufthamner.

Elles kan Samferdselsdepartementet i det nemnde tidsrommet berre gjere rettingar, suppleringar og endringar i konkurransegrunnlaget som ikkje er av vesentleg karakter.

Rettingar, suppleringar eller endringar skal straks sendast alle anbydarar som har registrert seg hos Samferdselsdepartementet, jf. punkt 1.7. I tillegg vil departementet gjere opplysningane tilgjengelege på departementet si nettside:

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/sd/dok/andre/Anbud.html>.

Dersom rettingar, suppleringar eller endringar kjem så seint at det er vanskeleg for anbydarane å ta omsyn til dei i anbudet, skal det fastsetjast ei rimeleg utviding av anbudsfristen. Alle anbydarar som har registrert seg hos Samferdselsdepartementet, jf. punkt 1.7., skal varslast om utvidinga.

## **2. Alminnelege reglar for gjennomføring av konkurransen**

### **2.1 Reglar for konkurransen**

Anbudskonkurransen følgjer forordning (EF) 1008/2008 av 24. september 2008 om felles reglar for drift av lufttrafikk i Fellesskapet (vedlegg 5), dei utfyllande reglane i forskrift 12. august 2011 nr. 833 om lufttransporttjenester i EØS (vedlegg 4), samt dei utfyllande krava som følgjer av dette konkurransegrunnlaget. Departementet gjer merksam på at forskrifta på nokre punkt inneheld meir utførlege reglar om avviklinga av konkurransen enn dei som går fram av dette konkurransegrunnlaget, og at desse reglane òg gjeld for konkurransen.

### **2.2 Anskaffingsform**

#### **2.2.1**

Anskaffinga skal som hovudregel skje ved open anbuds konkurranse. Unntak kan berre gjerast dersom vilkåra i punkt 2.2.2 eller 2.2.3 er oppfylte.

#### **2.2.2**

Open anbuds konkurranse med etterfølgjande forhandlingar kan brukast dersom det etter at anbudsfristen er ute, viser seg å vere berre éin anbydar, eller dersom berre eitt anbod står att etter at andre anbod er avviste. Forhandlingar etter første punktum skal vere i samsvar med forpliktingane til offentleg tenesteyting (del II). Det er heller ikkje tillate å gjere andre vesentlege endringar i dei opphavlege kontraktvilkåra (del III) under slike forhandlingar.

#### **2.2.3**

Kjøp etter forhandling utan føregåande kunngjering kan brukast dersom det etter at anbudsfristen er ute, viser seg at det ikkje ligg føre anbod. I så fall skal det ikkje gjerast vesentlege endringar i dei opphavlege forpliktingane til offentleg tenesteyting (del II) eller i dei opphavlege kontraktvilkåra (del III).

### **2.3 Opplysningsplikt**

Samferdselsdepartementet skal gi skriftleg melding med ei kort grunngiving dersom

- eit anbod blir avvist, eller
- alle anbod blir forkasta eller tilbuds konkurranse blir avlyst

Anbydaren kan skriftleg be om ei nærmare grunngiving for



- kvifor anbodet hans er avvist, eller
- kvifor anbodet hans ikkje blei valt

Samferdselsdepartementet pliktar å svare på ein slik førespurnad seinast 15 dagar etter at han er motteken.

## **2.4 Offentleg innsyn**

For offentlig innsyn i anbod og anbodsprotokoll gjeld lov av 19. mai 2006 nr. 16 *om rett til innsyn i offentlig verksemd (offentleglova)*. Innsynet kan avgrensast med heimel i offentliglova §13 eller § 23.

## **2.5 Teieplikt**

Samferdselsdepartementet og dei tilsette der pliktar å hindre at andre får tilgang eller kjennskap til opplysningar om tekniske innretningar og framgangsmåtar, eller om drifts- og forretningsmessige forhold som det av omsyn til den opplysningane gjeld, kan vere av konkurransemessig betydning å halde hemmelege.

For at departementet skal kunne vareta teieplikta, må slike opplysningar i anbodet merkast i innleverte anbod.

## **2.6 Habilitet**

Habilitetsreglane i forvaltningslova §§ 6 til 10 gjeld for anbodskonkurransen.

## **3. Krav til anbydarane og tilhøyrande dokumentasjonskrav**

### **3.1 Innleiing**

Anbod skal leggjast fram for Luftfartstilsynet for gjennomgang av tekniske og operative forhold før ein anbydar blir vald. I samband med dette må anbydaren kunne dokumentere at han har dei nødvendige tekniske og operative føresetnadene for å operere på dei aktuelle rutestrekningane.

I punkt 3.2 til 3.9 følgjer ei oversikt over krava som blir stilte til anbydarar, og tilhøyrande dokumentasjon.

### **3.2 Generelle krav**

Anbydarane pliktar å utføre drifta i samsvar med den norske luftfartslova, tilhøyrande forskrifter, andre reglar på området og eventuelle pålegg frå offentlege styresmakter i medhald av slike reglar.

### **3.3 Krav om drift i samsvar med EU-OPS**

Operasjonar med fly skal vere i samsvar med forskrift av 21. februar 2008 nr. 189 *om gjennomføring av forordning (EØF) nr. 3922/91 om harmonisering av tekniske krav og administrative fremgangsmåter i sivil luftfart med tilleggsbestemmelser om arbeidstid for besetningsmedlemmer*.

Tilbydaren har ikkje krav på (kan ikkje legge til grunn som føresetnad for sitt tilbod) at ein lufthamn eller anna anlegg eller teneste som kan nyttast som ledd i operativ verksemd

vert drive på anna vis enn det er godkjend for når anbodskonkurransen vert utlyst eller at slik lufthamn, anlegg eller teneste vert nytta eller ytt på ein måte som påfører tredjeperson ekstra kostnader. Sjå punkt 4.2.

Forskrifta nemnt i første ledd kan lastast ned frå <http://www.lovdata.no/cgi-wift/ldles?doc=/sf/sf/sf-20080221-0189.html>.

Ein fullstendig og oppdatert versjon av EU-OPS kan ein få frå Luftfartstilsynet.

Sjå utfyllande dokumentasjonskrav i punkt 3.9.

### **3.4 Lisens**

Alle anbydarar må ha gyldig lisens i samsvar med forordning (EF) nr.1008/2008 av 24. september 2008 *om felles regler for drift av lufttrafikk i Fellesskapet*.

Sjå utfyllande dokumentasjonskrav i punkt 3.9.

### **3.5 Skatteattest**

Anbydaren må ikkje ha misleghaldne skattekrav.

Skatteattest skal vere levert til Samferdselsdepartementet før anbudsfristen går ut. Attesten må ikkje vere meir enn seks månader gammal.

### **3.6 Meirverdiavgiftsattest**

Anbydaren må ikkje ha misleghaldne meirverdiavgiftskrav.

Meirverdiavgiftsattest skal vere levert til Samferdselsdepartementet før anbudsfristen går ut. Attesten må ikkje vere meir enn seks månader gammal.

### **3.7 Krav til helse, miljø og tryggleik**

Anbydaren skal innfri alle lov- og forskriftskrav til helse, miljø og tryggleik (HMS).

Anbydaren skal leggje fram ei eigenerklæring om at han oppfyller, eller ved eventuell tildeling av kontrakten kjem til å oppfylle, dei krava som er nemnde i det føregåande avsnittet.

### **3.8 Oppstartstidspunkt**

Anbydarar skal dokumentere at dei vil vere i stand til å starte operasjonen og oppfylle påkravd regularitet ved oppstartstidspunktet for kontraktperioden som er nemnt i punkt 1.3. Dersom anbydaren ikkje kan dokumentere dette når anbudsfristen går ut, må det i anbudet gjerast greie for korleis kravet skal innfriast seinast innan oppstartstidspunktet.

Sjå utfyllande dokumentasjonskrav i punkt 3.9.

### 3.9 Dokumentasjonskrav

For at Luftfartstilsynet skal kunne kontrollere at anbydarane oppfyller krava i punkt 3.2 til 3.8, ber ein om at dei utarbeider utfyllande dokumentasjon til Luftfartstilsynet i samsvar med lista nedanfor. Sjølv om det ikkje er eit krav etter punkt 5.11 at all dokumentasjonen skal leggjast ved, er det ein fordel at han følgjer med tilbodet.

#### *Organisasjon:*

- a) Gyldig Air Operator's Certificate (AOC) med tilhøyrande spesifikasjonar
- b) Organisasjonskart med funksjonar og namn
- c) Årsverktal fordelt på
  - i) Administrativt personell
  - ii) Flyoperativt personell
  - iii) Flyteknisk personell
- d) Økonomiske forhold
  - i) Utgreiing om den økonomiske stillinga til selskapet. Selskapet skal her leggje fram komplette årsrekneskapar og årsmeldingar frå styret for dei to siste åra
  - ii) Informasjon som viser at selskapet tilfredsstiller dei økonomiske krava i lisensforskrifta, dokumentert med mellom anna revidert rekneskap for siste rekneskapsår og resultat-, balanse- og budsjettføresetnader
  - iii) Eventuelt trafikkprognosar, break-even-vurderingar og andre kommentarar og budsjettføresetnader
- e) Framdriftsplan med tidspunkt for alle relevante forhold som skal vere varetekne før oppstartdatoen.

#### *Luftfartøy:*

- f) Kort beskriving av aktuell type
- g) Basic Performance Data, inkludert ytingsdata for landingsplassane anbodet omfattar
- h) Tal på kor mange fartøy av denne typen selskapet disponerer, eventuelt beskriving av planar om innleige av slikt materiell

#### *Operative forhold:*

- i) Beskriving av korleis det er tenkt at operative forhold skal varetakast ved kvar lufthamn (base) som skal brukast på anbodsruta
- j) Beskriving av korleis ev. erstatningsluftfartøy kan setjast i drift på kort varsel
- k) Tilgang på nødvendige tenester i samband med vekt- og balanseutrekning, drivstoffylling, lasting og lossing
- l) Tilgang på kvalifisert personell (besetning), ev. planar for tilsetjing og kvalifisering av slikt personell
- m) Landingsplasskvalifikasjonar, korleis nødvendig kompetanse / nødvendige kvalifikasjonar skal oppnåast på landingsplassar i kategori B og C (viss aktuelt)
- n) Dokumentasjon av utstyrskrav som må vere oppfylte for å operere på anbodsruta /-rutene der dette er spesifisert i anbodet eller publisert i AIP for den aktuelle flyplassen
- o) Framstilling av tryggleiksvurdering på kvar av rutestrekningane som det blir lagt inn tilbod på i tråd med EU-OPS punkt 1.037 og i samsvar med retningslinjene i ICAO Doc 9859 (Safety Management Manual) punkt 9.8, spesielt punkt 9.8.3 b, jf. punkt 9.6.11.
- p) Framstilling av treningsprogram som viser korleis operatøren vil sikre at krava til rute- og lufthamnkjenenskap blir oppfylte i tråd med EU-OPS 1.975, jf.

rettleggsmateriale i AMC OPS 1.975 nedfelt i seksjon 2 til tidlegare JAR-OPS 1, og jf. eventuelle krav til den enkelte lufthamn nedfelt i AIP Norge AD 2.23.

*Tekniske forhold:*

- q) Beskriving av korleis teknisk vedlikehald er tenkt sikra i samband med ruta/rutene som skal utførast i anbudet
- r) Parkering av luftfartøy på aktuell(e) endestasjon(ar) med omsyn til tryggleik, nødvendig vedlikehaldsarbeid og vern mot kritiske vêrforhold
- s) Tilgang til nødvendige tenester med omsyn til avising, tauing og servicing av luftfartøy
- t) Kopi av kontrakt eller liknande med PART-145-verkstad, ev. kopi av eigne PART-145 verkstadrettar

Merk at Samferdselsdepartementet etter anbudsopninga kan krevje at selskapet på kort varsel legg fram dokumentasjon frå lisensieringsstyresmakt for å få verifisert opplysningane i anbudet, eller, dersom slik informasjon ikkje ligg føre, kjem til å innhente slike opplysningar direkte frå lisensieringsstyresmakta.

### **3.10 Tilleggsfrist for dokumentasjonskrav**

Dersom ein eller fleire anbydarar ikkje har levert skatteattest, meirverdiavgiftsattest eller HMS-erklæring før anbudsfristen går ut, kan Samferdselsdepartementet fastsetje ein kort tilleggsfrist for ettersending. Det same gjeld dersom anbydaren har levert inn skatteattest eller meirverdiavgiftsattest som er eldre enn seks månader rekna frå dagen då anbudsfristen går ut. Anbydaren kan ikkje krevje at Samferdselsdepartementet nyttar seg av denne retten.

Tilleggsfristen gjeld for alle deltakarar i konkurransen, og Samferdselsdepartementet skal ikkje begynne å vurdere dei innkomne anboda før tilleggsfristen er ute.

## **4. Forhold anbydarane pliktar å gjere seg kjende med**

### **4.1 Trafikkopplysningar**

Som vedlegg 3 til anbudsinnbydinga følgjer oversikter over historiske trafikketal for fleire av rutene som er omfatta av konkurransen. Anbydarane pliktar å gjere seg kjende med desse opplysningane og kan ikkje seinare hevde at dei ikkje kjende til eller forstod opplysningane. Departementet gjer merksam på at trafikkatala berre er rettleiande, og at anbydarane sjølve har det fulle ansvaret for dei trafikkføresetnadene dei legg til grunn for sine anbud.

### **4.2 Tekniske og operative krav ved lufthamnene**

Anbydarane pliktar å setje seg inn i dei tekniske og operative krava som gjeld for dei aktuelle lufthamnene. Nærmare opplysningar om dette kan innhentast frå Luftfartstilsynet, Postboks 243, 8001 Bodø eller telefon 75 58 50 00.

### 4.3 Avgrensingar i bruken av luftrommet

Det er ein føresetnad at anbydarane set seg nøye inn i dei særlege forholda som gjer seg gjeldande ved dei aktuelle lufthamnene. Mellom anna må anbydaren rette seg etter dei avgrensingane på militær bruk av luftrommet som gjeld når anbudet blir innlevert, jf. forskrift av 13. mars 2007 nr. 266 *om fleksibel bruk av luftrommet*.

<http://www.lovdata.no/cgi-wift/ldles?doc=/sf/sf/sf-20070313-0266.html>

Utstrekning og aktiviseringstidspunkt for treningsområda er publiserte i AIP Noreg. Nærmare informasjon om avtaler som er inngått mellom Luftforsvaret og Avinor AS i tilknytning til den nemnde forskrifta, kan ein få frå hovudkontoret til Avinor AS, Postboks 150, 2061 Gardermoen.

## 5. Krav til anbudet

### 5.1 Utforming og levering av anbudet

1. Anbudet skal vere skriftleg og innehalde eit utfylt anbudsskjema som skal vere datert, underteikna og merkt med namnet på flyselskapet. Anbudsskjemaet følgjer innbydinga som vedlegg 1.
2. Anbudet skal oversendast i lukka sending.
3. Sendinga skal vere merkt "Anbud FOT-ruter".
4. Anbudet skal leverast på eit skandinavisk språk eller på engelsk.
5. Anbudet kan leverast direkte til leveringsadressa eller sendast med post, jf. punkt 1.6.
6. Anbudet skal leverast i tre – 3 – eksemplar.
7. Anbudet må leverast som papirdokument og kan ikkje sendast elektronisk.

### 5.2 Anbudsfrist

Anbudsfristen er 14. august 2012 kl. 12.00 (lokal tid).

Anbudet skal vere Samferdselsdepartementet i hende på den kontoradressa som er nemnd i punkt 1.6, før anbudsfristen går ut.

For seint innkomne anbud blir avviste. Sjå likevel føresegna i §18 andre ledd i forskrift *om luftransporttjenester i EØS* (vedlegg 4).

### 5.3 Tenestene det kan leverast anbud på

Anbydarane kan levere tilbod på ruteområdet som er spesifisert i punkt 1.3, jf. forplikingane til offentleg tenesteyting (del II), med dei krava til tal på flygingar, setekapasitet, ruteføring, rutetider, takstar, kontinuitet osv. som er knytte til kvart ruteområde.

Tenestene det blir levert anbud på, skal minst vere spesifiserte med følgjande:

- a) Ruteprogram og rutestruktur
  - i) daglege avgangar, rutetider og ev. stopp undervegs
  - ii) tilbydd setekapasitet på kvar rutestrekning, jf. forplikingane del II

iii) planlagde korrespondansar der det er påkravd

Sjå òg punkt 5.8 når det gjeld krav til ruteprogram.

- b) Takstar
  - struktur, nivå, vilkår og rabattar
- c) Type luftfartøy
  - storleik (setekapasitet)
  - ev. opplysning om trykkabin der det er påkravd
  - ev. avgrensingar i sete- eller lastekapasitet på grunn av operative minimum
- d) Måten særskilde krav til tryggleik, materiell eller miljø som følgjer av det totale tilbods materialet, skal oppfyllest på

#### **5.4 Anbudsskjema, anbudsbudsjett, krav om økonomisk kompensasjon og takstar**

Anboda skal kalkulerast i samsvar med det skjemaet for anbudsbudsjett som går fram av vedlegg 2, og skal gi opp den kompensasjonen i norske kroner som er nødvendig for å utføre ruta frå oppstart til utgangen av kontraktperioden. Alle budsjettpostar skal vere spesifiserte for kvart av driftsåra og for heile kontraktperioden samla. Realistisk budsjettering er ein føresetnad.

Det samla kompensasjonsbeløpet skal deretter fyllast inn i det anbudsskjemaet som er vedlegg 1 til anbodsinnbydinga, og leggjast fremst i anbudet.

Anbudet skal basere seg på prisnivået for første driftsår (1. desember 2012 – 31. mars 2013). Den nøyaktige kompensasjonen for driftsåra som tek til 1. april 2013, 1. april 2014 og 1. april 2015, skal baserast på driftsinntekts- og driftskostnadsjusteringar av anbudsbudsjettet. Desse justeringane skal vere innanfor ramma av konsumprisindeksen frå Statistisk sentralbyrå for den eittårsperioden som går ut 15. februar same året.

Anbydaren skal leggje til grunn at han beheld alle inntektene av den verksemda anbudet omfattar, og at han er fullt ansvarleg for kostnadene. Presiseringar og unntak frå dette utgangspunktet går fram av kontraktvilkåra (del III) punkt 8, 10, 11 og 12.

Anboda skal spesifisere takstane og vilkåra som knyter seg til dei. Sjå takstføresegnene i kontraktvilkåra (del III) punkt 7 og forpliktingane til offentleg tenesteyting (del II) vedlegg B (føresegner om sosiale rabattar).

#### **5.5 Kombinering av anbud**

Ikkje aktuelt.

#### **5.6 ”Nullanbud”**

Dersom eit luftfartsselskap legg inn bod der kravet til kompensasjon er sett til kroner null, skal det forståast slik at selskapet vil drive flyruta med einerett, men utan kompensasjon frå staten.

## **5.7 Avvik frå konkurransegrunnlaget**

Dersom anbudet er meint å avvike frå konkurransegrunnlaget, skal det gå klart fram. Avvik skal spesifiserast i anbudet, eventuelt med ei tilvising til kvar i anbudet avviket er beskrive. Beskrivinga skal vere presis og eintydig og slik utforma at Samferdselsdepartementet kan vurdere avviket utan kontakt med anbydaren. Anbydaren kan ikkje ta atterhald som inneber saldering av postar i anbudsbudsjettet, sidan dette strir mot dei føresetnadene som ligg til grunn for krava i punkt 5.4 og kontraktvilkåra (del III) punkt 8.

## **5.8 Ruteprogram**

Innanfor rammene som følgjer av forplikingane til offentleg tenesteyting (del II), skal anbydaren sjølv utarbeide nødvendig ruteprogram for det enkelte ruteområdet, jf. kontraktvilkåra (del III) punkt 6. Dette ruteprogrammet skal liggje ved anboda som blir innleverte, og innehalde ein spesifikasjon av kor mange sete som blir tilbydde på kvar rute som er omfatta. Som det går fram av punkt 7.2, kan dette få innverknad som kriterium ved tildeling av kontraktar.

## **5.9 Innleige av luftfartøy**

Anbudet må ikkje baserast på innleige av luftfartøy med mannskap ("wet-lease").

## **5.10 Selskapskodar**

Flygingane kan ikkje bere andre selskapskodar enn anbydaren sin, og kan ikkje inngå i "code-sharing"-ordningar med andre flygingar.

## **5.11 Komplett anbod**

Eit komplett anbod skal minst omfatte:

1. Utfylt anbudsskjema, jf. punkt 5.4 andre avsnitt
2. Utfylt anbudsbudsjett for kvart anbod, jf. punkt 5.4 første avsnitt
3. Ruteprogram, jf. punkt 5.3 tredje avsnitt a) og punkt 5.8
4. Alle opplysningane som følgjer av spesifikasjonskrava i punkt 5.3
5. Dokumentasjon på kvalifikasjonar:
  - a) kopi av lisens, AOC o.a., jf. punkt 3.4 og 3.9
  - b) skatteattest, jf. punkt 3.5
  - c) meirverdiavgiftsattest, jf. punkt 3.6
  - d) HMS-erklæring, jf. punkt 3.7

## **5.12 Innsending av anbod**

Anbudet kan anten leverast personleg på adressa til Samferdselsdepartementet som er nemnd i punkt 1.6, eller sendast med rekommandert post. Kvittering ved innlevering av rekommandert sending blir rekna som bevis på at sendinga er levert, og når ho er levert.

### **5.13 Endring og tilbakekalling av anbud**

Eit anbud kan kallast tilbake eller endrast til anbudsfristen går ut. Tilbakekallinga må gjerast skriftleg. Eit endra anbud er å rekne som eit nytt anbud og skal vere utforma i samsvar med krava ovanfor i dette punkt 5.

### **5.14 Vedståingsfrist**

Anbydarane er bundne av anbudet til Samferdselsdepartementet har avslutta anbuds konkurransen etter reglane i punkt 7.1, eller til dei har fått melding om innstilling på kontrakttildeling til ein annan anbydar, som nemnt i punkt 7.3.

Dersom det oppstår tvist knytt til anbudsprosessen er første ledd ikkje til hinder for at ein tilbydar, etter eige initiativ og einsidig, erklærer at eige tilbod skal stå ved lag for lengre tid, eller at Samferdselsdepartementet ber alle tilbydarar om å gi slik erklæring.

## **6. Anbudsbehandling i Samferdselsdepartementet**

### **6.1 Registrering av anbud**

Anboda skal påførast dato for mottak etter kvart som dei kjem inn. På oppmoding skal Samferdselsdepartementet skriftleg stadfeste når eit tilbod er motteke.

### **6.2 Anbudsopning**

Anbudsopning blir 16. august 2012 12:00 (lokal tid) i lokala til Samferdselsdepartementet i Akersgt. 59 i Oslo. To representantar for departementet står for opninga. Kvar anbydar har rett til å ha inntil to representantar til stades. Etter opninga blir det sendt kopi av protokollen til alle anbydarane.

### **6.3 Avvising av for seint innkomne anbud**

Samferdselsdepartementet skal avvise anbud som ikkje er mottekne innan anbudsfristen i punkt 5.2. Sjå likevel reglane i forskrift om lufttransporttjenester i EØS § 18 andre ledd (vedlegg 4).

### **6.4 Avvising på grunn av forhold ved anbydaren**

Samferdselsdepartementet skal avvise anbydarar som

1. ikkje har gyldig lisens som nemnt i punkt 3.4
2. ikkje har levert skatteattest som nemnt i punkt 3.5
3. ikkje har levert meirverdiavgiftsattest som nemnt i punkt 3.6
4. ikkje har levert eigenerklæring om helse, miljø og tryggleik som nemnt i punkt 3.7

Oppdragsgivaren kan avvise anbydarar som er omfatta av avvisingsreglane i forskrift om lufttransporttjenester i EØS § 22 nr. 2 (vedlegg 4).

### **6.5 Avvising på grunn av forhold ved anbudet**

Samferdselsdepartementet skal avvise anbudet når det



1. ikkje er levert skriftleg, jf. punkt 5.1 nr. 1
2. ikkje er levert i samsvar med punkt 5.1 nr. 2
3. inneheld kombinasjonar av anbod eller avvik frå konkurransegrunnlaget som ikkje er tillatne
4. inneheld atterhald eller feil, uklare eller ufullstendige opplysningar eller anna som kan skape tvil om korleis anbudet skal bedømmast i forhold til dei andre anboda

Samferdselsdepartementet kan avvise eit anbod dersom det

1. ikkje inneheld alle opplysningane og oppgåvene som det er krav om
2. ikkje gir opp behovet for kompensasjon slik punkt 5.4 føreset
3. på det tidspunktet departementet tildelar, eller er nøydd til å tildele, kontrakt, ikkje er sannsynleg at anbydaren vil vere i stand til å starte opp drifta som føresett i punkt 3.8. Slik avvising kan skje sjølv om anbydaren har varsla at fleire opplysningar vil verte tilsendt på eit seinare tidspunkt.
4. verkar unormalt lågt i forhold til tenestene som er tilbydde, jf. likevel § 21 i forskrift om lufttransporttjenester i EØS (vedlegg 4)
5. ikkje oppfyller krav til anbudet som nemnt i punkt 5.9 eller 5.10
6. ikkje er sannsynleg at anbydaren vil vere i stand til å betjene en eller fleire ruter med ein regularitet som er samfunnsmessig akseptabel, uavhengig av dei krava som er føresett i Kontraktsvilkåra punkt 8.4.

## 6.6 Avklaring

Det er ikkje tillate å endre anboda etter at anbodsfristen er ute, eller å prøve å endre anboda gjennom forhandlingar. Det er høve til å avklare anboda på desse punkta:

1. uklare punkt kan avklarast så sant ukklarleiken ikkje er av ein slik art at tilbodet skulle vore avvist.
2. dersom det er nødvendig av tekniske eller funksjonelle grunnar, kan det gjerast mindre justeringar i løysingar som anbydaren har foreslått.
3. dersom tilbodet ikkje gjer det klart at alle dei krav som følgjer av konkurransegrunnlaget er innfridd, men det samtidig er klårt at tilbydaren vil få same eller høgare kostnadar dersom han som ledd i ein avklaring gjer det klårt at han vil innfri dei krav som følgjer av konkurransegrunnlaget.
4. dersom det er naudsynt for å avklare om eit tilbod er unormalt lågt som nemnt i punkt 6.5 andre ledd nr. 4.

## 6.7 Retting

Dersom Samferdselsdepartementet blir merksam på ein feil i anbudet, skal feilen rettast så sant det ikkje er tvil om korleis det skal skje.

## 6.8 Retur av mottekne anbod

Mottekne tilbod blir ikkje returnerte.

## **7. Avgjering av konkurransen**

### **7.1 Avlysing av konkurransen og totalforkasting**

Samferdselsdepartementet tek atterhald om rett til å avlyse konkurransen eller deler av konkurransen dersom det ligg føre sakleg grunn, til dømes ved manglande godkjenning frå politisk hald eller fordi det etter at anbodskonkurransen vart utlyst viser seg at dei krava som er stilt til tenestene ikkje er politisk akseptable.

Samferdselsdepartementet kan avlyse konkurransen dersom eit EØS-luftfartsselskap som kan få løyve til å utøve trafikkrettar på eitt eller fleire av dei utlyste områda, dokumenterer at det vil starte vedvarande flygingar utan tildeling av einerett som omtalt i forordning (EF) nr. 1008/2008, før ein av tilbydarane blir tildelt kontrakt. Sjå punkt 1.2 nest siste avsnitt.

Fristen som gjeld for å melde kommersiell betening, er dagen før avgjerda om kven som skal tildelast kontrakten, blir gjort offentleg, jf. punkt 7.3.

Samferdselsdepartementet kan forkaste alle anbod dersom resultatet av konkurransen gir sakleg grunn til det.

Dersom ein anbodskonkurranse blir avlyst eller alle anboda blir forkasta, skal Samferdselsdepartementet melde frå om det til dei som har levert anbod, i samsvar med reglane i punkt 2.3.

### **7.2 Tildelingskriterium**

#### **7.2.1**

Kontrakt tildelast som hovudregel det anbudet som har det lågaste kompensasjonskravet for heile kontraktperioden frå 1. desember 2012 til 31. mars 2016 .

#### **7.2.2**

Dersom tildeling ikkje kan skje etter hovudregelen fordi det ligg føre anbod med identiske kompensasjonskrav, skal kontrakt tildelast det anbudet som tilbyr høgast setetal for heile kontraktperioden.

### **7.3 Innstilling på kontrakttildeling**

Avgjerda i Samferdselsdepartementet om kven som skal tildelast kontrakt, skal meldast skriftleg til alle deltakarane i rimeleg tid før det blir inngått kontrakt. Kontrakten blir rekna som inngått når begge partar har underteikna. Meldinga skal innehalde ei grunngiving for valet.

Avgjerda om kven som blir tildelt kontrakten, blir offentleggjort på nettsidene til Samferdselsdepartementet.

## II FORPLIKTINGAR TIL OFFENTLEG TENESTEYTING

### 1. Innleiing

I samsvar med artikkel 16 nr. 1 og 2 i Europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1008/2008 av 24. september 2008 *om felles regler for drift av lufttrafikk i Fellesskapet*, har Noreg vedteke å innføre nye forpliktingar til offentlig tenesteyting per 1. desember 2012 for ruteflygingar på ruta:

Røros–Oslo v.v.

### 2. Følgjande forpliktingar gjeld for dei individuelle rutene:

#### 2.1. Røros–Oslo v.v.

##### 2.1.1 Minstetal på flygingar, setekapasitet, ruteføring og rutetider

Krava gjeld året rundt. Det gjeld dagleg trafikkplikt i begge retningar, med unntak av laurdag.

*Flygingar:*

- Minst to daglege tur-retur-flygingar måndag–fredag og minst to tur-retur-flygingar laurdag-søndag samla.

*Setekapasitet:*

- I begge retningar skal det tilbydast minst 300 sete måndag–fredag samla og minst 60 sete laurdag-søndag samla.
- Tilbydd setekapasitet skal justerast i samsvar med reglar fastsette av Samferdselsdepartementet i vedlegg A til denne kunngjeringa.

*Ruteføring:*

- Dei påkravde flygingane skal vere utan mellomlanding.

*Rutetider:*

Det skal takast omsyn til publikumsetterspørselen etter flyreiser.

I tillegg gjeld desse krava til dei påkravde flygingane måndag–fredag:

- Første avgang frå Røros ikkje seinare enn kl. 07.00.
- Siste avgang frå Oslo ikkje tidlegare enn kl. 18.00.

##### 2.1.2 Kategori luftfartøy

Fly registrert for minst 30 passasjerar og med trykkabin skal nyttast på dei påkravde flygingane.



**Vilkår ved overgang:**

- Alle vilkåra operatøren har for overgang av passasjerar til og frå andre selskap sine flygingar, mellom anna overgangstider og gjennomgåande innsjekking av billetter og bagasje, skal vere objektive og ikkje-diskriminerande.

**5. Erstatning og oppheving av tidlegare forpliktingar til offentleg tenesteyting**

Desse forpliktingane erstattar forpliktingane til offentleg tenesteyting som blei kunngjorde for flyruta Røros-Oslo v.v. i *Den europeiske unions tidende nr. C 247* og *EØS-tillegget nr. 47* den 25. august 2011.

**6. Informasjon**

Ytterlegare informasjon kan ein få ved å vende seg til

Samferdselsdepartementet  
Postboks 8010 Dep  
0030 OSLO

Telefon 22 24 83 53, telefaks 22 24 56 09

## **Vedlegg A – Produksjonsjusteringsklausulen**

### **1. Formål med produksjonsjusteringsklausulen**

Formålet med produksjonsjusteringsklausulen er å sikre at tilbydd kapasitet i setetal frå operatøren blir justert i tråd med vesentlege endringar i etterspørselen i marknaden. Når passasjertalet aukar og overstig dei etterfølgjande grenseverdiane for faktisk kabinfaktor til kvar tid, her definert som den seteprosenten som til kvar tid er i bruk, *skal* operatøren auke talet på tilbydde sete. Operatøren *kan* på same måten redusere talet på tilbydde sete når etterspørselen blir vesentleg redusert. Sjå etterfølgjande spesifikasjon i punkt 3.

### **2. Periodar for måling av kabinfaktor**

Periodane då kabinfaktoren skal overvakast og målast, er høvesvis frå og med 1. januar til og med 30. juni og frå og med 1. august til og med 30. desember.

### **3. Vilkår for endring av tilbydd setekapasitet**

#### *3.1. Vilkår for auke i produksjonen*

3.1.1. Produksjonen / talet på tilbydde sete *skal* aukast når den gjennomsnittlege kabinfaktoren på enkeltstrekningar som inngår i flygingar omfatta av forpliktingane til offentleg tenesteyting, er høgare enn 80 %. Når den gjennomsnittlege kabinfaktoren på desse strekningane overstig 80 % i periodane som er nemnde i 2, skal operatøren seinast frå og med oppstart av påfølgjande IATA-trafikk sesong auke produksjonen / talet på tilbydde sete med minst 10 % på desse strekningane. Produksjonen / talet på tilbydde sete skal aukast slik at kabinfaktoren ikkje overstig 80 %.

3.1.2. Når produksjonen skal aukast som nemnt ovanfor, kan den nye produksjonen utførast ved bruk av luftfartøy med mindre setekapasitet enn spesifisert i det opphavlege anbodet dersom operatøren føretrekkjer det.

#### *3.2. Vilkår for reduksjon av produksjonen*

3.2.1. Produksjonen / talet på tilbydde sete *kan* reduserast når den gjennomsnittlege kabinfaktoren på enkeltstrekningar som inngår i flygingar omfatta av forpliktingane til offentleg tenesteyting, er lågare enn 35 %. Når den gjennomsnittlege kabinfaktoren på desse strekningane er under 35 % i periodane som er nemnde i 2, *kan* operatøren redusere produksjonen / talet på tilbydde sete med inntil 25 % på desse strekningane frå første dag etter at måleperioden er omme.

3.2.2. På strekningar med meir enn to daglege avgangar i kvar retning skal reduksjon i utført produksjon i samsvar med 3.2.1 skje i form av færre avgangar. Unntak frå dette kravet gjeld dersom det blir nytta luftfartøy med større setekapasitet enn det som er spesifisert som minimum i forpliktinga til offentleg tenesteyting; då kan det setjast inn mindre luftfartøy, men ikkje med mindre

setekapasitet enn den som er spesifisert som minimum i forpliktinga til offentlig tenesteyting.

- 3.2.3. På enkeltstrekningar som berre har éin eller to daglege avgangar i kvar retning, kan reduksjon i produksjonen berre skje ved bruk av luftfartøy med mindre setekapasitet enn det som er spesifisert i forpliktinga til offentlig tenesteyting.

#### **4. Prosedyrar ved produksjonsendring**

- 4.1. Samferdselsdepartementet har ansvar for å godkjenne ruteplanen som operatøren foreslår, medrekna endringar i produksjon / tal på tilbydde sete. Sjå Rundskriv N-3/2005 frå Samferdselsdepartementet, som følgjer med anbodsdocumenta.
- 4.2. Dersom produksjonen / talet på tilbydde sete skal reduserast i samsvar med 3.2, skal forslag til nytt ruteprogram sendast dei fylkeskommunane endringa får følgjer for, og desse skal få tid til å uttale seg før endringa blir sett i verk. Dersom det nye forslaget til ruteprogram inneber endringar som går ut over andre krav etter forpliktingane til offentlig tenesteyting enn tilbydd tal på flygingar og setekapasitet, må ruteprogrammet sendast Samferdselsdepartementet for godkjenning.
- 4.3. Når produksjonen / talet på tilbydde sete skal aukast i samsvar med 3.1, skal rutetidene for den nye produksjonen kunne tilråast både av operatøren og av dei fylkeskommunane endringa får følgjer for.
- 4.4. Dersom produksjonen / talet på tilbydde sete skal aukast i samsvar med 3.1 og operatøren ikkje kjem til semje med dei aktuelle fylkeskommunane om forslaget sitt til rutetider for ny produksjon / nye tilbydde sete i samsvar med 4.3, kan operatøren søkje godkjenning for forslaget sitt til rutetider for ny produksjon / nye tilbydde sete frå Samferdselsdepartementet i samsvar med 4.1. Dette betyr ikkje at operatøren kan søkje godkjenning for forslag til rutetider som ikkje inkluderer den påkravde produksjonsauken. Det må liggje føre vesentlege grunnar for at Samferdselsdepartementet skal kunne godkjenne forslag til rutetider som avvik frå det dei relevante fylkeskommunane har kunna tilrå.

#### **5. Uendra økonomisk kompensasjon ved endringar i produksjonen**

- 5.1. Den økonomiske kompensasjonen til operatøren blir ståande uendra når produksjonen blir auka i medhald av 3.1.
- 5.2. Den økonomiske kompensasjonen til operatøren blir ståande uendra når produksjonen blir redusert i medhald av 3.2.

## **Vedlegg B – Føresegner om sosiale rabattar**

### **1.**

På flyruter der Samferdselsdepartementet kjøper tenester etter forplikningar til offentleg tenesteyting, skal følgjande persongrupper ha krav på sosial rabatt:

- a. Personar som har fylt 67 år på utreisedagen
- b. Blinde som har fylt 16 år
- c. Personar som har fylt 16 år og har uførepensjon i medhald av lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd (folketrygdlova) kapittel 12, eller personar som tek imot tilsvarende ytingar frå anna EØS-land
- d. Elevar over 16 år ved spesialskular for høyrselshemma
